



Den alltid smilande og kundevenlege Elin Enes startar kafedrift i Rosendal i sommar i egne lokale.

Den ide- og initiativrike Elin Enes utvidar drifta med kafedrift i Rosendal, i det som ein gong var bokhandel, men som no er utbygd og seksjonert til leilegheter. Elin og Geir Enes har kjøpt lokalet på gateplan og frå juni månad opnar dei lunsjkafe i Skålagato. Det er Grenda som skriv dette i dagens avis.

Elin Enes og familien har vore ei veke på vinterferie i Spania og er på reise heim i dag. Straks ho kjem heim skal ho førebu Damens aften på kvinnedagen 8. mars. I tillegg har ho fleire matleveringar i denne veka. Det er difor vanskeleg å finna tid til ein samtale, men Grenda let oss få bruka av deira stoff.

Tilbodet i Rosendal vil i fyrste omgang vera i perioden juni til september. Ho er litt usikker på kva drift det vert på hausten og på vinteren. Dei eig lokalet og vil investera i nytt kjøkken og nytt interiør. Det vert eit annleis lokale enn det ho har på Fet i Uskedalen, meir sentrumsnært med inngang frå gata og godt tilpassa for turistar. I Rosendal vil ho ha tilbod om smårettar og varmrettar.

Elins Matgleder har ei fast og god kundegruppe i Rosendal. Den vil ho ta vare på. Drifta i Uskedalen held fram som før, men utan bakeri på sommaren. Hovudkjøkkenet er og blir i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal